



Arkivnr: 2016/34999-1

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		11.01.2017
Fylkesutvalet		26.01.2017

Søknad om fråvik frå vegnormalane til reguleringsplan for Fv. 565 Mastrevik-Kilstraumen i Austrheim kommune**Samandrag**

Austrheim kommune har i samarbeid med Statens vegvesen starta opp arbeidet med reguleringsplan for ein del av fv. 565 Mastrevik – Kilstraumen. Statens vegvesen har søkt om fleire fråvik frå vegnormalane som må handsamast ferdig før reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Som vegstyresmakt for fylkesvegar er det fylkeskommunen som må fatte vedtak om fråvik frå vegnormalane.

Staten vegvesen har i brev av 23. mai 2016 sendt over søknad om fråvik frå vegnormalane. (Vedlegg 1). I brevet kjem det fram at det i alt er sju fråviksøknader som må handsamast før reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn. Tre av fråviksøknadene må godkjennast av Hordaland fylkeskommune, regionvegsjefen har fått fullmakt i fire av fråviksøknadane.

Fylkesrådmannen føreset at Statens vegvesen har gjort nødvendige faglige vurderingar i høve til vegnormalane og rår til at det vert gjort vedtak om fråvik i samsvar med innstillinga frå fråviksgruppa i Statens vegvesen. Fylkesrådmannen har ingen merknader ut over det som kjem fram i handsaminga til fråviksgruppa.

Fylkesrådmannen vil peika på at dette fylkesvegprosjektet ikkje er ein del av Nordhordlands-pakken og heller ikkje eit prioritert prosjekt i gjeldande regional transportplan.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet viser til søknad om fråvik frå vegnormalane i samband med reguleringsplanen til Fv. 565 Mastrevik-Kilstraumen i Austrheim kommune. Fylkesutvalet godkjenner følgjande fråvik i samsvar med tilrådinga frå fråviksgruppa i Statens vegvesen, fråviksak;

- sak 59/16 Dimensjonerende kjøretøy og kjøremåte
- sak 60/16 Horisontalkurveradius
- sak 63/16 Overhøgde og resulterande fall

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Vedlegg:

1. Brev frå Statens vegvesen av 23.06.2016
2. Notat frå Statens vegvesen av 05.05.2016
3. Fråviksak 59/16 Dimensjonerende kjøretøy og kjøremåte
4. Fråviksak 60/16 Horisontalkurveradius
5. Fråviksak 63/16 Overhøgde og resulterande fall

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 14.12.2016

1.Bakgrunn for saka

Austrheim kommune har i samarbeid med Statens vegvesen starta opp arbeidet med reguleringsplan for ein del av fv. 565 Mastrevik – Kilstaumen. Kostnadsanslaget for prosjektet er berekna til om lag 180 mill.kr. inkl. mva. (P-50 verdi). Statens vegvesen har søkt om fleire fråvik frå vognormalane som må handsamast ferdig før reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Som vegstyresmakt for fylkesvegar er det fylkeskommunen som må fatte vedtak om fråvik frå vognormalane.

2.Vognormaler, fråvik og fråvikspraksis

Vognormaler er en samlebetegnelse for normaler i Statens vegvesens handbokserie som inneheld krav til bl.a. vegbygging, vegutforming, tunneler, bruver og ferjekaiar, rekkverk og trafikktryggleikstyr. I forskrift etter veglovens § 13 gjelder vognormaler for all planlegging og bygging av veger og gater på det offentlige vegnettet. Samlenemning «vognormaler» omfattar både normaler heimla i vegloven og normaler heimla i vegtrafikkloven.

For fylkesvegar er fylkeskommunen vegstyresmakt i.h.t. forskrift til vegloven § 13. Fråvik frå vognormalene består av kan, bør og skal krav. Ved all fråvikshandsaming vert det nytta standardiserte skjema der det skal dokumenterast kva handbok det vet søkt fråvik frå, med grunngjeving, konsekvensar av fråvik og forslag til avbøtande tiltak. Fråviksøknad med eventuell risikovurdering vert sendt til regionkontoret i Statens vegvesen til uttale før handsaming i fylkeskommunen.


Statens vegvesen har i dei ulike vegregionane etablert ei fråviksgruppe som handsamer fråvikssøknadane og kjem med tilråding til rett vegstyresmakt.

Tidlegare praksis i Hordaland fylkeskommune er at Statens vegvesen på vegne av fylkeskommunen har handtert alle fråviksakane til fylkesvegane administrativt i fråviksgruppa. Etter sak i fylkestinget om endring av rammeavtale med Statens vegvesen (8. mars 2016 – FT-sak 16/16), er det no innført nye retningslinjer for fråvikshandsaming.

Alle søknader om fråvik for fylkesveg skal gå via Statens vegvesen der fråviksgruppa handsamar desse slik som før. Fråvik frå skal krava vert derimot sendt vidare til Hordaland fylkeskommune til politisk handsaming, etter at fråviksgruppa har gitt si tilråding. Etter vedtak i Hordaland fylkeskommune vert melding om dette sendt til Statens vegvesen. Statens vegvesen har fått fullmakt til å fatte avgjere i bør krav.

3 Fråviksøknaden – framlegg til reguleringsplan for Fv. 565 Mastrevik-Kilstaumen

Austrheim kommune har starta opp arbeid med reguleringsplan for ein del av fv. 565 Mastrevik – Kilstaumen (HP7, m2816 – HP7 m6757). Fylkesvegen er ein del av det overordna fylkesvegnettet i Hordaland. Hovudmålet med reguleringsplanen er å etablera eit nytt tilbod for gåande og syklande, og leggje til rette for betre trafikktryggleik. Fylkesvegen i er i dag smal og har varierande kjørebredde og er under 6 meter på det smalaste. Strekninga er på ca. 3,9 km og strekk seg frå Austrheim vidaregåande skule og langs fv. 565 fram til bruva i Kilstaumen.



Forslaget i reguleringsplanen er å byggja gjennomgåande gang- og sykkelveg. I reguleringsplanen er det lagt opp til at vegen blir dimensjonert for U-Hø2 veg med fartsgrense 60 km/t. Det er også lagt opp til utbetring av eksisterande veg, avkjørslar og busshaldeplasser langs fylkesvegen. Det kan bli aktuelt å justera på fylkesvegen på enkelte punkt, for å betra vegens standard, samtidig som dette kan bidra til at arealinngrepa til tilgrensande eigendomar vart avgrense best mogeleg. For å få til dette må det søkjast om fråvik frå vegnormalene.

4. Handsaming i fråviksgruppa

Staten vegvesen har i brev av 23. mai 2016 sendt over søknad om over fråvik frå vegnormalane. (Vedlegg 1). I brevet kjem det fram at det i alt er sju fråviksøknader som må handsamast før reguleringsplanen vert lagt ut til offentleg ettersyn. Dette er fråvik for gjeldande krav i vegnormalane til handbok N100 og V122 med omsyn til;

- Hjørne avrunding avkjørsler (N100) – sak 58/16
- Dimensjonerende køyretøy og køyremåte (N100) – sak 59/16
- Horisontalkurveradius (N100) – sak 60/16
- Kollektivanlegg (N100) – sak 61/16
- Krav til nabokurve (N100) – sak 62/16
- Overhøgde og resulterande fall (N100) – sak 63/16
- Stigning gang- og sykkelveg (V122) - sak 64/16

Fråvik der Statens vegvesen kan fatte vedtak er sendt over til Hordaland fylkeskommune til orientering. Tre av fråviksnadene ovanfor må godkjennast av Hordaland fylkeskommune, dette er saksnummer 59/16, 60/16 og 63/16.

Sak 59/16 Dimensjonerande kjøretøy og kjøremåte i vegkryss.

Om fråviket vert vedteke vil dette ha ein positiv innverknad for økonomien til prosjektet, ut frå at krav til dimensjonerande kjøretøy og kjøremåte vil gi store inngrep. Vegkryss vil med dette fråviket ikkje bli dimensjonert for vogntog til busetnad og sidevegnett. Det er fleire konsekvensar av dette fråviket (sjå vedlegg 3).

Fråviksgruppa si tilråding;

«*Fråviksgruppa tilrår fråviket men gjer merksam på at det er tvil om sidevegen kan trafikkerast av vogntog.»*

Sak 60/16 Horisontalkurveradius

Horisontalkurve er krumning av vegbanen i horizontalplanet(svinger) og horisontalkurveradius er radius i ein sirkelbue i vegens horisontalprosjeksjon. Fråviket vil gi ein positiv konsekvens for økonomien til prosjektet, ut frå at kravet til radius 100 vil gi store landskapsmessige inngrep (sjå vedlegg 4).

Fråviksgruppa si tilråding;

«*Fråviksgruppa tilrår at det vert gjeve fråvik men tilrår også at det må leggast spesielt vekt på utforme sideterreng på ein trygg måte og at det vert etablert rekksverk med underskinne der behovet for rekksverk er til stades.»*

Sak 63/16 Overhøgde og resulterande fall

Dette vil gi ein positiv konsekvens for økonomien i prosjektet. Om kravet til resulterande fall må innfriast vil dette krevje unødvendige store inngrep og auka kostnader (sjå vedlegg 5).

Resulterande fall er totalt fall på vegen i lengderetning og på tvers av vegen. I reguleringsplanen er det resulterande fallet bearbeidet slik at det er i henhold til N100 på stort sett hele strekningen, men på noen korte strekk er det i reguleringsplanen noe lavt resulterande fall. For å oppnå dette er det sett nærmere på om man kan løfte/senke veglinjen noe for å få et betre lengdefall og drenering. Definisjon på overhøgde er forskjell i høgde mellom ytterkant og innerkant i ein kurve.

Fråviksgruppa si tilråding;

«*Sidan kurvaturen i stor grad følgjer eksisterande veg, er dette eit krav som er svært vanskeleg å oppfylle. Fråviksgruppa tilrår difor at det vert gjeve fråvik.»*

5.Fylkesrådmannens vurdering

Fylkesrådmannen føreset at Statens vegvesen har gjort nødvendige faglige vurderingar i høve til vegnormalane og rår til at det vert gjort vedtak om fråvik i samsvar med innstillinga frå fråviksgruppa i Statens vegvesen. Fylkesrådmannen har ingen merknader ut over det som kjem fram i handsaminga til fråviksgruppa.

Fylkesrådmannen vil peika på at dette fylkesvegprosjektet ikkje er ein del av Nordhordlands-pakken og heller ikkje eit prioritert prosjekt i gjeldande regional transportplan.